

Politiet
Trafikk, veg, fartsgrense

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/66 - 6 / ATV

Dato:
25.07.2023

Høring - redusert fart kommuneveg 1048 Krossøyvegen

Austrheim kommune er vegstyresmakt for veg nummer 1048 Krossøyvegen i kraft av veglova kapitel 2, paragraf 9. Kommune bed politiet uttala seg i høve redusert fartsgrense til 60 km/t på veg nummer 1048 Krossøyvegen.

Vi bed om at eventuell uttale vert sendt kommunen innan 08.09.2023.

Kommunen si vurdering;

Vegen er svingete, bygd med eit til halvanna kjørefelt og utan veglys. Området er eit mykje nytta utfartsområde for camping, gåande og syklende. Området har i tillegg mange fritidsbustader og to område med fastbuande. Vegen har fleire bruer og fyllingar der det ikkje er plass for to bilar til å møtast.

Statens vegnormal N300 kapitel 11.3.2 seier mellom anna;

«Fartsgrense 60 km/t anbefales brukt på følgende vegstrekninger utenfor tettbygd strøk;

- Strekninger med behov for redusert fart på grunn av mangelfull langsgående eller tverrgående tilrettelegging for gåande og syklende. Før fartsgrensen reduseres bør sikring av kryssingspunkt være vurdert som alternativ.
- Strekninger der vegens randsone har mange avkjørsler og kryss.

Slik kommunen vurderer er desse to kriteria oppfylt for Krossøyvegen. Utfylling av Statens Vegvesen sitt standardiserte berekningsark for fartsgrense, viser at fartsgrense 60 km/t kan nyttast på strekninga.

Vedlagt er berekningsark og utkast til skiltplassering.

Med helsing

Atle Vaage



leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Skiltplan Krossøy 60 sone

Berekningsark fartsgrense Krossøy.pdf

Mottakere:
Politiet